

Klagenemnda for miljøinformasjon



Nemndsvedtak i sak 04/2008

Klagar: Bolga Velforening
v/ miljøgruppa
Postboks 108
6520 FREI

Innklaga: Frei Treprofil AS
Sørliå 16
6520 FREI

1. Kva saka gjeld:

Bolga Velforening har klagd Frei Treprofil AS inn for Klagenemnda for miljøinformasjon fordi velforeninga ikkje er nøgd med svara Frei Treprofil har gjeve på spørsmål som Bolga Velforening har stilt bedrifta. Spørsmåla gjeld tilhøve ved produksjon av treprodukt, i hovudsak kva stoff som er nytta i produksjonen og spørsmål om deponering og kontroll med avrenning frå anlegget.

2. Bakgrunnen for saka:

Frei Treprofil produserer treprodukt som rekkverk, tak- og pynteklossar, trekilar, rammer til dører og vindauge, mønekors, brett knektar til vindauge og stolpehattar. Bedrifta tilbyr ulike profilprodukt til private og bedrifter. Bedrifta held til i gamle Frei kommune, i dag Kristiansund kommune.

I same område arbeider Bolga Velforening for eit godt nærmiljø og arbeid for miljøvern er ein viktig del av dette. Ei aktuell sak for Bolga Velforening er å kartleggje kva stoff som er i det klagar oppfatar er eit belegg som legg seg på sjøen i Bolgvågen, ein terskelvåg rett sør for Kristiansund. Som eit ledd i dette har Bolga teke kontakt med private verksemder i området med spørsmål om mellom anna utslepp.

Velforeninga meiner at dei har krav på informasjon frå Frei Treprofil som dei ikkje har fått og dette er bakgrunnen for klagen.

3. Saksgangen:

Bolga Velforening sendte brev til Frei Treprofil dagsett 31. januar 2008 med spørsmål om utslepp, giftstoff, måleresultat, deponi og kontroll med avrenning og planar for framtidig handtering.

Då foreninga ikkje fekk svar, klagde dei saka inn for klagenemnda i brev datert 10. april 2008. Vedlagt klagen var kopi av brevet til bedrifta og tre bilete av det klagar meiner dokumenterer dårleg handtering av spon ved bedrifta. Frei Treprofil fekk oversendt klagen og fekk frist for å sende inn tilsvar til nemnda.

Frei Treprofil sendte tilsvaret i saka innan fristen. Bolga Velforening har halde fast ved klagen og kommentert tilsvaret i ein e-post datert 29. april 2008. Frei Treprofil har fått høve til å kommentere dette og har gjeve nokre munnlege kommentarar på telefon og elles vist til tilsvaret.

Som eit ledd i utgreiinga av saka sendte nemnda brev til Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune med følgjande spørsmål:

1. Har bedrifta konsesjon etter forureiningslova, jf. lova § 11 og/eller § 29? I tilfelle ja, ber vi om kopi av den aktuelle konsesjonen.
2. Dersom bedrifta ikkje har konsesjon ber vi opplyst om forureiningsstyremaktene nokon gong har vurdert konsesjonsplikt for bedrifta.
3. Vi ber også om å få opplyst om bedrifta nokon gong har meldt frå til forureiningsstyremaktene om si verksemd.
4. Dersom bedrifta har vore vurdert opp mot konsesjonsplikt med negativt resultat, ynskjer vi opplyst bakgrunnen for at forureiningsstyremaktene konkluderte med at det ikkje låg føre konsesjonsplikt.
5. Har forureiningsstyremaktene andre opplysningar om bedrifta og forureiningslova?

Kristiansund kommune svarte i brev av 9. juli 2008 ”nei” på alle spørsmåla. Møre og Romsdal fylke svarte 29. juli 2008 følgjande:

1. Bedrifta har ikkje løyve (konsesjon) etter forureiningslova.
2. Forureiningsmyndigheita har ikkje vurdert konsesjonsplikt for bedrifta.
3. Bedrifta har ikkje meldt frå til forureiningsmyndigheita om verksemda.
4. Pkt 4 treng ikkje svar, jf svar 2.
5. Forureiningsmyndigheita har ikkje særleg informasjon om bedrifta.

Da nemnda hadde saka til behandling i møte 20. oktober 2008, blei det klart at saka framleis ikkje var godt nok utgreidd. Nemnda kontakta 23. oktober 2008 Statens forureiningstilsyn (SFT) med ei rekkje spørsmål, og fekk svar 18. november 2008. Spørsmål og svar er følgjande:

Hvilke regler gjaldt i perioden frem til 2005?

1. Gjaldt spesielle regler om lagring av spon fra trykkimpregnerte materialer?

Trykkimpregnert trevirke ble klassifisert som farlig avfall fra 2003. Den som håndterer farlig avfall skal ha tillatelse, se avfallsforskriften § 11-6. Mellomlagring av impregnert trevirke, som jeg antar det er snakk om her, regnes som håndtering og krever altså i utgangspunktet tillatelse. Regelen praktiseres likevel med et visst skjønn slik at mellomlagring av en mindre mengde vil ligge i grenseland for hva som omfattes av kravet. Fylkesmannen avgjør om tillatelse kreves eller ikke, først og fremst utifra faren for avrenning, se siste spørsmål. Unntaket fra kravet er dersom bedriften har egen tillatelse etter forureiningsloven § 11 og denne inkluderer tillatelse til å håndtere eget farlig avfall, se avfallsforskriften § 11-7.

2. Gjaldt det egne regler om avrenning?

Nei, men dette ville typisk vært en del av en egen tillatelse, se svaret på spørsmål 1.

3. Gjaldt det spesielle regler om mengde?

Nei, men dette ville typisk vært en del av en egen tillatelse, se svaret på spørsmål 1.

4. Gjaldt det regler om deponier etter avfallsforskriften, spes § 9-2?

Ja, etter § 9-2 kan avfall bare mellomlagres i ett (ev. tre) år før det regnes for et deponi og må ha egen tillatelse. Disse reglene kom i 2002. Men dette er ikke så viktig her siden det dreier seg om farlig avfall som er omfattet av enda strengere regler, se spørsmål 1.

5. Når inntreer kunnskapsplikten?

Hvis du mener kunnskapsplikten i internkontrollforskriften, er det vanskelig å si NÅR den inntreer. Bedriftene skal generelt ha nok kunnskap til å vurdere om det de driver med er i henhold til gjeldende krav innen HMS. Dersom de driver med "enkle" ting, er det ikke så mye kunnskap som trengs. Dersom de driver med "kompliserte" ting (typisk stoffer og materialer som har farlige egenskaper), trengs det desto mer kunnskap.

6. Gjelder reglene om kunnskapsplikt i internkontrollforskriften for utendørs lagring av trykkimpregnert materiale?

Ja, det vil jeg si.

7. Er det fare for avrenning ved lagring av trykkimpregnert materiale?

Ja, det er det. Hvor mye avrenning det dreier seg om vil avhenge av alderen på materialet (jo eldre, jo mindre avrenning), klimatiske forhold (jo mer regn, jo mer avrenning) etc. Mengden materiale vil selvsagt også bety mye. Fra en mindre mengde vil ikke avrenningen være så alvorlig.

Partane fekk frist til 2. desember 2008 for kommentar til dette, men dei har ikkje sendt ytterlegare kommentarar.

Nemnda legg til grunn at informasjonskravet frå Bolga Velforening kan oppsummerast som ni krav:

1. Dokumentasjon på kva stoff frå produksjonen som har blitt spreidd til omkringliggende miljø og vatnvegar.
2. Måleresultat som gjeld avrenning frå impregnert trevirke i jord og vatn.
3. Innsyn i deponeringsløyve.
4. Dokumentasjon på om deponia inneheld fraksjonar av trykkimpregnert trevirke.
5. Måleresultat frå kontroll med eventuelle giftige og helseskadelege stoff.
6. Innsyn i planar for korleis deponia blir behandla vidare.
7. Opplysningar om kva tiltak bedrifta har gjort for å betre oppsamlingsanlegget for spon og flis.
8. Opplysningar om kva tiltak bedrifta i framtida vil gjere for å betre oppsamlingsanlegget for spon og flis.

9. Opplysninger om kva tiltak bedrifta vil gjere for å overvake avrenning frå tidlegare utslepp/deponering av spon og flis.

4. Klagaren, Bolga Velforening, gjer gjeldande:

Velforeninga har i klagebrevet til nemnda datert 10. april 2008 gjort greie for bakgrunnen for krava:

”Bolgvågen er en liten terskel våg rett syd for Kristiansund i gamle Frei Kommune. Denne har i lange tider vært eksponert for ulike utslipp fra industri i området. Disse utslippene belaster et større fjære område, et våtmarksområde og to badeplasser. Det er også verdt å ta med at dette området er mye brukt i fritidssammenheng og at man også har observert personer som plukker skjell i området. Samt at dette belegget setter seg på utlegg og tauverk for båter etc.

Det er derfor viktig for oss her inne å få en oversikt over hva dette belegget kan inneholde, og hva stoffer befolkningen som bruker strand områdene her eksponeres for. Det er også viktig for beboerne i området å få kartlagt utslippene for å kunne være med å presse fram en opprydning.”

5. Innklaga, Frei Treprofil, gjer gjeldande:

I tilsvaret datert 29. april 2008 har Frei skrive følgjande:

”Bedriften sluttet med produksjon av impregnerte produkter våren 2005. Våren 2007 var avsugsanlegg og sponsilo blitt i en slik forfatning, med lekkasjer rundt oppsamlingscontainer og tekniske problem med avsuget, at bedriften bestemte seg for å investere i nytt anlegg. Dette skulle etter planen være ferdigstilt ved årsskiftet 2007/2008

Det ble innkjøpt nytt og tidsmessig avsug og filtreringssystem og igangsatt arbeid med å grave ut, sprengje og planere tomt til anlegget og et oppsamlingslager for videreførdling av sponen. Arbeidet med planering av tomta, er svert forsinket og entreprenøren vil ikke love å bli ferdigstillelse før til sommeren 2008. Anlegget vil derfor ikke kunne være i gangkjørt før høsten 2008. Til tross for noen midlertidige utbedringer vil det vil derfor fortsatt være noe spon lokalt rundt containeren frem til høsten.

Ved gravearbeidene i forbindelse med opparbeidelse av tomta til det nye anlegget, ble noe sagspon fra området rundt containeren med i jordmassene som ble flyttet derfra. Dette er i all hovedsak spon fra perioden etter at bedriften sluttet med impregnert virke, fra perioden etter at avsugsanlegget ble dårlig, og vi derfor kan vi ikke se noe stort miljøproblem i dette.

Bedriften kjenner ikke til noe deponering av spon på bedriftens område, og har derfor ikke søkt om deponeringstillatelse, eller foretatt målinger i forhold til avrenning.

Vi vil anbefale velforeninga å få ”belegget” analysert og deretter søke etter kilden. Det er en mulighet for at dette er en algeoppblomstring som skyldes at store mengder næringsstoffer renner ut i vågen fra kloakkanlegget.”

6. Vurderinga frå nemnda:

6.1 Lovval

Spørsmåla i saka gjeld ikkje produktsesifikk informasjon. Saka skal difor vurderast etter reglane i miljøinformasjonslova, og ikkje etter produktkontrolllova.

6.2 Miljøinformasjon

Det følgjer av miljøinformasjonslova (mil.) § 2 at omgrepet ”miljøinformasjon” omfattar faktiske opplysningar og vurderingar om miljøet, om faktorar som påverkar eller kan påverke miljøet, og om helse, tryggleik og levekår i den grad dei blir miljøpåverka eller kan bli miljøpåverka.

Klagenemnda meiner at alle spørsmåla gjeld informasjon som ligg i kjerneområdet for slik informasjon som lova tek sikte på å gje borgarane heimel for å få innsyn i. Når det gjeld vurderingar om prøvesvar spesielt viser nemnda til saka 06/2007 mot Miljøservice AS som også gjaldt vatnprøvar og der nemnda uttalte at:

”Prøvesvar av overflatevatn er faktiske opplysningar som klagenemnda meiner ligg i kjerneområdet for kva som er å sjå som miljøinformasjon.”

Frei Treprofil har ikkje protestert mot at spørsmåla gjeld miljøinformasjon.

Klagenemnda går ikkje nærare inn på dette, men legg til grunn at alle spørsmåla gjeld miljøinformasjon.

6.3 Retten til miljøinformasjon

Ikkje all informasjon som fell inn under definisjonen av miljøinformasjon i mil. § 2 er informasjon ein har krav på å få utlevert. Spørsmålet om kor langt retten til slik informasjon går og motsett, kor langt plikta til å gi slik informasjon strekk seg, må nemnda vurdere konkret etter mil. § 16, jf. § 9.

Etter mil. § 16 har ein rett til å få miljøinformasjon om ”forhold ved virksomheten, herunder dens innsatsfaktorer og produkter, som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet”. Utleveringsplikta etter mil. § 16 er knytt opp mot mil. § 9 om kva kunnskap bedrifta pliktar å ha om verknadene på miljøet. Ordlyden i mil. § 9 er samanfallande med § 16 når det heiter at private verksemder ”plikter å ha kunnskap om forhold ved virksomheten, herunder dens innsatsfaktorer og produkter, som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet”.

Nemnda må først ta stilling til om den informasjonen velforeininga har kravd er informasjon som Frei Treprofil pliktar å ha kunnskap om, jf. mil. § 9.

6.4 Generelt om kunnskapsplikta

Det er i saka på det rene at Frei Treprofiler ikkje har konsesjon etter forureiningslova og at forureiningsstyremaktene på fylkesnivå og kommunalt nivå ikkje i dag vurderer det slik at bedrifta kjem inn under reglane for verksemder som berre lovleg kan drive med slik konsesjon, jf. forureiningslova § 11.

Bedrifter som ikkje har konsesjonsplikt eller som driv utan at det ligg føre vedtak om konsesjonsspørsmålet i den eine eller andre retninga, er ikkje dermed automatisk friteke frå kunnskapsplikta. Nemnda legg til grunn at det i stor grad er samsvar mellom konsesjonsplikt etter forureiningslova og kunnskapsplikta etter mil. § 9. Men når ei verksemd kjem til den konklusjonen at den ikkje har kunnskapsplikt etter mil. § 9, må denne konklusjonen kvile på eit faktisk grunnlag. Dette følgjer av merknadene til mil. § 9 i Ot.prp. nr. 116 (2001-02) side 154-155:

”For mange virksomheters vedkommende vil det ikke være spørsmål om omfattende nye plikter. Men en følge av loven er for så vidt at alle må gjøre seg opp en mening om miljøforholdene i virksomheten, slik at man kan gi svar på om de aktuelle forhold i virksomheten har ubetydelig miljøpåvirkning eller ikke.”

Det inneber at alle verksemder omfatta av mil. § 9 må ha eit minstemål av kunnskap om miljøverknadene. Den einskilde verksemd må anten ha nok kunnskap til å kunne konkludere med at miljøverknadene er ”ubetydelige”, eller så må verksemda ha positiv kunnskap om dei forholda ved verksemda som kan ha meir enn ”ubetydelig” verknad på miljøet. Den kunnskapen som er grunnlaget for ein konklusjon om at det ikkje ligg føre *positiv* kunnskapsplikt, vert her omtala som *negativ* kunnskapsplikt.

For kunnskap om produkt – eit forhold som er meir detaljert regulert i produktkontrollloven – følgjer den *negative* kunnskapsplikta av produktkontrollloven (pkl.) § 3 tredje ledd:

Den som produserer eller innfører produkt plikter å skaffe seg slik kunnskap som er nødvendig for å vurdere om det kan medføre virkning som nevnt i § 1.

Innhaldet i den *negative* kunnskapsplikta etter pkl. § 3 tredje ledd er forklart slik i Ot.prp. nr. 116 side 153-154:

Kunnskapsplikten i [tredje] ledd pålegger ”den som tilvirker eller innfører produkt å skaffe seg slik kunnskap som er nødvendig for å vurdere om det kan medføre virkning som nevnt i §1”, dvs. kunnskap som er nødvendig for å vurdere om produktet kan medføre helseskade eller miljøforstyrrelse i form av forstyrrelser i økosystemer, kunnskap om forurensning, avfall, støy eller lignende, samt om produktets energieffektivitet.

Det kjem ikkje klart fram av førearbeida til miljøinformasjonslova kor omfattande den negative kunnskapen må vere eller kva som vil vere eit forsvarleg grunnlag for ein konklusjon som går ut på det et ikkje føreligg krav om positiv kunnskap. Ein finn likevel mykje om dette i førearbeida til produktkontrolllova, jf. Ot.prp. nr. 51 (1974-75) side 88 og 89:

Tilvirker og importør av produkt har ved siden av den alminnelige aktsomhetsplikt som fremgår av første ledd, en plikt til å skaffe seg ”slik kunnskap om produktet som er nødvendig for å vurdere om det kan medføre virkning som nevnt i § 1”.

Det er blitt hevdet at dette i realiteten vil bety en form for etableringskontroll ved at man stiller krav til fagutdanning for næringsdrivende (tilvirkere og importører). Dette er ikke hensikten med bestemmelsen. Kunnskapsplikten henger nøye sammen med aktsomhetsplikten og er en presisering av denne. Det er derfor ikke grunnlag for å

innfortolke noe absolutt i kravet til kunnskap, jfr. drøftelsen av aktsomhetsplikten ovenfor. ..(..)..

Hvor langt kunnskapsplikten går må vurderes konkret. For en rekke produkter vil stillingen være den at produktet har vært i bruk lenge, og skader og ulemper ved det er godt kjent. Noen spesiell plikt til å skaffe seg ytterligere kunnskaper vil da normalt ikke foreligge. Helt unntaksfri er ikke denne regelen. Foreligger det tegn på at produktet kanskje har flere uheldige virkninger enn opprinnelig antatt, kan forholdene ligge slik an at produsenten eller importøren må sørge for å skaffe seg ny kunnskap om godt kjente produkter. Hva som skal til for å utløse denne plikten, beror på forholdene i det enkelte tilfelle. ..(..)..

Dreier det seg om nye produkter eller andre produkter man ikke kjenner virkningen til, vil utgangspunktet for tilvirkerens og importørens kunnskapsplikt være en annen enn hvor en står overfor produkter med alment kjente - virkninger. Produsent og importør vil da, med mindre det er nokså åpenbart at produktet ikke kan ha slike virkninger som nevnt i § 1, ha en aktiv kunnskapsplikt og måtte skaffe seg kjennskap til produktet. Dette betyr imidlertid ikke at produsenten nødvendigvis må besørge undersøkelser selv. Kunnskapsplikten vil i mange tilfelle være oppfylt ved at produsent eller tilvirker setter seg inn i de siste forskningsresultatene på området. Det må likevel understrekes at produsent og tilvirker har en selvstendig plikt til å vurdere om de foreliggende opplysninger virker pålitelige slik at det er forsvarlig å bygge på dem.

Et viktig poeng ved kunnskapsplikten er at de opplysninger som skaffes til veie er relevante og at de stammer fra pålitelige kilder. Det ligger innebygget i kunnskapsplikten at dette må vurderes av hver enkelt tilvirker og importør. Resultatene fra anerkjente forskningsinstitusjoner eller laboratorier i inn- og utland vil som regel kunne anses tilstrekkelig. ..(..)..

Foreligger det ikke tilgjengelige opplysninger om et produkts uheldige virkninger, vil tilvirker eller importør ha en mer selvstendig plikt til å skaffe seg kunnskaper om produktet. Dette kan gjøres ved enten å foreta undersøkelser selv, eller engasjere fagkyndige til å utføre arbeidet. Hvor stor innsats som kreves beror på produktets art og i hvilken utstrekning det er rimelig grunn til å tro at produktet kan ha slike virkninger som er nevnt i § 1.

Det er truleg ikkje grunnlag for å nytte desse formuleringane direkte på den kunnskapsplikta som berre følgjer av mil. § 9. Men med bakgrunn i utsegnene må ein klart kunne krevje at ei verksemd som legg til grunn at ho ikkje har plikt til positiv kunnskap, gjer dette på eit sakleg faktisk grunnlag. Tru og gjetting er ikkje godt nok.

Systemet etter miljøinformasjonslova er at borgarane kan krevje å få tilgang til den kunnskapen som verksemdene må ha etter § 9. Ordlyden i § 16 første ledd gjer ikkje direkte krav på innsyn i den *negative* kunnskapen verksemda har, jf. at det ein kan krevje er informasjon om forhold som kan påverke utover det heilt "ubetydelige". Så sjølv om det er grunnlag for å sjå det slik at ei verksemd må ha negativ kunnskap for på sakleg vis å kunne hevde at ho ikkje trenger å ha positiv kunnskap, så har ikkje borgarane direkte etter ordlyden i lova krav på innsyn i den negative kunnskapen.

Dette er ikkje tilfredsstillande, og ein slik tolking inneber at det blir eit hol i lovverket. Nemnda meiner difor – særleg ut frå føremålet med miljøinformasjonslova – at mil. § 16 må tolkast slik at borgarane har krav på hovudinnhaldet i den negative kunnskapen som verksemda byggjer på når bedrifta legg til grunn at den er friteke frå positiv kunnskap.

Ein følgje av dette synet er at nemnda kan ta stilling til om den negative kunnskapen som eventuelt er gjeven frå verksemda, er solid nok til at verksemda har eit tilfredsstillande grunnlag for å avslå krav om positiv kunnskap.

Det følgjer av det som er sagt her at Frei Treprofil har ei sjølvstendig plikt til å undersøkje i kva grad verksemda påverkar miljøet rundt, slik at bedrifta på eit sakleg grunnlag – eventuelt – kan konkludere med at verknaden for miljøet berre er ”ubetydelig”.

Nemnda har her lagt til grunn at dette følgjer av mil. § 16, jf. § 9. Tilsvarande følgjer dessutan av forureiningslova § 8 siste ledd, jf. at også bedrifter med låge utslepp og der forureininga ”ikke medfører nevneverdige skader og ulemper” må vurdere konkret om det er tilhøve ved verksemda som bedrifta skal ha kunnskap om. Det er også etter internkontrollforskrifta (HMS-forskrifta) slik at ei bedrift må skaffe seg kunnskap for å vite om den opererer i tråd med eller i strid med reglane. Ein viss kunnskap om det som ikkje utløyser ytterlegare plikter, kan vere nødvendig også på dette grunnlaget, sjå mellom anna svaret frå SFT under punkt 3, femte spørsmål ovanfor.

6.5 Konkret om informasjonskravet frå Bolga Velforening

Til spørsmål 1, 4 og 9 – dokumentasjon på kva stoff som har blitt spreidd, data om fraksjonar av trykkimpregnert trevirke, avrenning

Felles for spørsmål 1, 4, 7, 8 og 9 er at dei alle gjeld handtering av restprodukt og avfall. Kunnskap om avfall og avfallshandtering er i kjerneområdet for rett og plikt til informasjon etter lova, jf. Ot.prp. nr. 116 (2001-02) side 115:

”Når det gjelder avfall, vil som hovedregel opplysninger om avfallsproduksjon og -handtering i de fleste virksomheter av noen størrelse være forhold som kan medføre ”ikke ubetydelig påvirkning på miljøet”. Virksomheten vil derfor som hovedregel ha plikt til å ha kunnskap om hvilke typer avfall som oppstår i virksomheten, og hvordan dette avfallet håndteres, dvs. hvordan avfallet oppbevares, eventuelt sorteres og behandles, herunder om avfallet leveres til sluttbehandling eller gjenvinning.”

Frå dette kan ein likevel ikkje slutte at Frei Treprofil må ha positiv kunnskap om spørsmål 1, 4, 7, 8 og 9. Det kjem an på kva slag avfall det er snakk om.

Bolga Velforening krev dokumentasjon på kva stoff frå produksjonen som har blitt spreidd til omkringliggende miljø og vatnvegar. Frei Treprofil opplyser at det i dag ikkje blir produsert med impregnert tre som råvare, men at dette skjedde fram til 2005. Nemnda forstår svaret frå bedrifta slik at det i dag kan ligge nokre restar av trykkimpregnert trevirke på området.

Kjemikaliar nytta til trykkimpregnering trevirke kan verke inn på miljøet, jf. mil. § 2. Nemnda viser også til svaret frå SFT gjengjeve ovanfor der det går fram at trykkimpregnert tre blei klassifisert som farleg avfall frå 2003 og at ei bedrift difor må ha kunnskap for å vurdere om det er naudsynt med løyve. Nemnda meiner at opplysningar om eventuelle kjemikaliar i

trevirket er informasjon som Frei Treprofil skal ha positiv kunnskap om og som verksemda pliktar å gje informasjon om.

Det er vidare slik at det generelt kan vere fare for avrenning frå trykkimpregnert trevirke, jf. svaret frå SFT ovanfor, spørsmål 7. Frei Treprofil har ikkje svart konkret med omsyn til kor mykje trykkimpregnert trevirke som kan liggje på eigedommen. Når det gjeld fare for avrenning, legg nemnda til grunn at verksemda ikkje ser ”noe stort miljøproblem i dette”, jf. svaret 29. april 2008, og difor ikkje har målt eventuell avrenning.

Det er på det reine at Frei Treprofiler ikkje har skaffa seg positiv kunnskap om mengde impregnert materiale, avrenningsfare eller faktisk avrenning. Nemnda finn at det føreligg tilstrekkeleg sakleg grunnlag for at bedrifta her kan legge til grunn at ho ikkje har positiv kunnskapsplikt. Produksjon basert på impregnert trevirke vart avslutta for fleire år sida, slik at avrenningsfaren i dag berre av den grunn vil vere liten. Det må også leggjast vekt på at forureiningsstyremaktene ikkje har vist interesse for verksemda. Det seier mykje om omfanget og risiko for avrenning.

Konklusjon: Bolga Velforening har etter dette ikkje udekka informasjonskrav etter spørsmål 4 og 9. Velforeninga har ikkje fått kunnskap om kjemikaliane i det impregnerte trevirket. Det skulle dei hatt, og det ligg difor føre eit udekka informasjonskrav etter spørsmål 1.

Til spørsmål 2 og 5 – måleresultat

I spørsmål 2 og 5 har Bolga Velforening kravd informasjon om diverse måleresultat. Frei Treprofil opplyser at slike målingar ikkje er gjort. Vidare opplyser bedrifta at det i dag ikkje blir produsert impregnerte produkt, slik at det ikkje lenger kan vere utslepp av kjemikalier. Difor vil det heller ikkje vere føremålsteneleg å ta prøver.

Nemnda legg til grunn at Frei Treprofil etter forureiningslova har plikt til å halde kontroll med utslepp slik at ein kan vurdere om verksemda forureinar så mykje at det er nødvendig med løyve. Målingar av muleg forureina vatn vil vere naudsynt som ledd i ein slik kontroll. Nemnda har ikkje opplysningar som tilseier at dette er naudsynt i dag, og kan difor heller ikkje pålegge Frei Treprofil å gjere slike målingar som eit ledd i oppfyljing av plikter etter mil. § 16.

Konklusjonen er difor at Bolga Velforening ikkje har udekka informasjonskrav etter spørsmål 2 og 5

Til spørsmål 3 og 6 – deponi

Frei Treprofil er i følgje forureiningsstyremaktene ikkje eit deponi og har difor heller ikkje deponeringsløyve etter forureiningslova. Innsyn i bedriftas deponeringsløyve, jf. spørsmål 3, er difor ikkje mogleg.

Reint faktisk kan det sjølvsagt vere lagra så mykje spon og anna på tomta til Frei Treprofiler at det ligg føre eit deponi, sjølv om både bedrifta og forureiningsstyresmaktene ser det annleis. For at nemnda skal kunne leggje til grunn eit faktum i klår motstrid mot det forureiningsstyresmaktene har kome fram til, må nemnda ha klare haldepunkt. I denne saka kan nemnda ikkje sjå det slik at det er gjort sannsynleg at det er tale om eit deponi. Då kan ein

heller ikkje krevje at bedrifta skal ha ”planar for korleis deponia blir behandla vidare”, jf. spørsmål 6.

Konklusjonen er difor at Bolga Velforening ikkje har udekka informasjonskrav etter spørsmål 3 og 6.

Til spørsmål 7 og 8 – oppsamlingsanlegg for spon og flis

Frei Treprofil har gjort greie for problema med det gamle oppsamlingsanlegget og forklart om planane for eit nytt anlegg. Nemnda kan ikkje sjå at det er meir å informere om på desse punkta.

Konklusjonen er difor at Bolga Velforening ikkje har udekka informasjonskrav etter spørsmål 7 og 8.

7. Vedtak:

Med heimel i miljøinformasjonslova (lov 9. mai 2003 nr. 31 om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet) § 19 gjer nemnda dette vedtaket:

- Frei Treprofil AS må innan 30 dagar frå vedtaket er motteke svare på spørsmål 1.

Vedtaket er særleg tvangsgrunnlag etter Lov av 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) kapittel 13.

Oslo, 15. mars 2009

Ørnulf Røhnebæk
Nestleiar

Andreas Pihlstrøm

Gunnar Bodahl-Johansen